

JONDAL skipreide, eller Samla skipreide, som vi også kan treffa på i kjeldene, har hatt stabile grenser heilt sidan mellomalderen. I hovudsak er dei samanfallande med dagens kommunegrenser. Jondal sokn hørde til Strandebarm prestegjeld til soknet vart overført til Ullensvang i 1968. Jondal vart, på grunnlag av den geistlege inndelinga, skilt ut frå Strandebarm som eigen kommune i 1846. Ved kommunereguleringa i 1965 vart Tørvikbygd krins overført til Kvam. Samstundes kom garden Kysnes i Strandebarm over til Jondal.

KROSSDALEN

Ei av dei sentrale sambandslinjene aust – vest i mellomalderen gjekk over Jondal, opp Krossdalen og gjennom Reiseteskardet til Sørfjorden (Ⓢ394). Vi må rekna med at dette var ein av pilgrimsvegane til Røldal, og segna seier at det er desse krossfararane som har gjeve dalen namn. Ferdafolket kom over fjellet frå Svåsand og Solesnes.

Her kan det truleg ha vore ein overnattingsstad (selehus). I seinare hundreår har vegen over Folgefonna vore ein mykje nytta drifteveg. Fedriftene vart skipa i store pramar over fjorden frå Tørvikbygd, førte gjennom Reiseteskardet og vidare over Sørfjorden til Sekse og opp på Hardangervidda. □



**PÅ RAUD GRUNN
TRE SKRÅTT
FRAMVEKSANDE
GULL
BÅTSHAKAR**

Merket er godkjent ved kgl. res. 27.11.1987 og er teikna av Arvid Sveen. Båtshakane skal syna veg framover og minna om kor viktig båten har vore for arbeid og transport for denne kommunen. Jondal er òg kjent for båtbygging og årlege handverksmesser.

⚔ JONDAL

Jondal kan innehalda eit bortkome elvenamn av same rot som førsteleddet i det svenske Jønköping, og då avleidd av gno. *ýr* «barlind». Dei tre nes-namma Torsnes, Solesnes (ofte skrivne Sollesnes) og Kysnes er alle gamle samansetningar. Det første inneheld gudenamnet Tor, Solesnes av gno. *sáluhús* «herberge for reisande» (Ⓢ264), og Kysnes har samanheng med gno. *kjóss* «liten dal». Krossdalen har namn etter forma. Det kan ein òg seia gjeld Brattabø og Flatabø, der sisteleddet er gno. bær «gard». Førsteleddet i Svåsand er usikkert, medan sisteleddet sand viser til sandhaldig grunn. Heller ikkje bygdenamnet Herand er sikkert tolka. Kanskje det høyrer til same tydingskrins som Hereiane ved Svåsand. Det kan tenkjast ein samanheng med herad, som i sin tur er avleidd av gno. *herr* «(skip)hær».

Scenetppet i ungdomshuset i Jondal, måla av Johan Tønol Tuxen i trettiåra, synar strandstaden Jondal i 1907.

